

Svar til Frank Sve, Stranda FrP

I Sunnmøringen 15.08 stiller Frank spørsmål om kva Venstre vil kutte for å finnansiere mottak av flyktigar i Stranda. Venstre er heilt einig med FrP i ein ting i denne saka. Vi skal først og fremst hjelpe flyktningane i nærområda der dei kjem i frå. Problemet er at dette ikkje er nok – og det i alle fall ikkje er noko hjelp for dei som allereie er her. Utfordringa er ein flyktningstraum som vi i Europa knapt har sett sidan 2.verdskrigen. Det er snakk om millionar av menneske som er på flukt frå krig og elendigkeit, og det er slik i denne, som i dei fleste andre krigar, at dei fleste av dei som kjem seg ut og langt vekk er dei som mest ressurssterke, dei høgast utdanna og dei mest ”vidsynte”, medan dei fattige og ressurssvake blir igjen i heimlandet og i nærområda. Hjelpa desse får i nærområdet må difor slett ikkje nedprioriterast, men aukast.

Stranda Venstre slår fast i sitt program at Stranda Kommune allereie i dag **er ei** multikulturell kommune. I dei fleste områder, både i privat og offentleg sektor, er vi i dag heilt avhengige av å importere arbeidskraft for å få hjula til å gå rundt.

Stranda Venstre ynskjer alle desse arbeidsinnvandrarane velkomne til Stranda. Stranda treng kvar einaste ein av dei! Grunnane til at dei kjem er ulike. Dei fleste kjem frå andre EØS-land og kan fritt søkje arbeid i Stranda. Mange kjem også frå land utanfor EØS, og kjem som oftast hit på ulike typar arbeidssøkjær- eller familiegjenforeiningsvisum.

Så godt som alle innvandrarar i Stranda har minst tre ting til felles, sjølv om ulikhetene mellom land og kulturar elles er store. 1. Dei får seg eit gagnande arbeid etter kort tid. 2. Dei finn seg raskt tenlege husvære. 3. Dei treng god og solid opplæring i Norsk språk og kultur for å fungere optimalt både i arbeid og fritid.

Vi trur at dette med arbeid og bustad er to ting vi er gode på i Stranda og at dette vil kunne løyse seg relativt raskt.

Utfordringa for Stranda Kommune, slik vi ser det, ligg på opplæringssida. Stranda Venstre har programfesta at vi vil satse på utdanning. Utdanning av flyktningar. Utdanning av arbeidsinnvandrarar. Utdanning av skuleungdom. Kort sagt! Stranda Venstre ynskjer ei stor, brei og altomfattande satsing på skule – frå vogge til grav – i Stranda.

All erfaring viser at det klart mest effektive verkemiddelet når framandkulturelle skal integrerast i eit samfunn er språkopplæring! Stranda kommune må difor – uavhengig av om vi mottek flyktningar eller ikkje – satse sterkt på språkopplæringa. Stranda Venstre ynskjer ei norskopplæring på **nynorsk** som er betre tilpassa og tilrettelagt slik at m.a. høgt utdanna innvandrarar, og dei er det ganske mange av, raskt kan få nyttiggjere seg

TROND OTTO BERG

1.kandidat Stranda Venstre
Rådhusgata 18, 6200 STRANDA
+47 464 11 055 / +47 990 98 057
trond.otto@me.com

den kompetansen dei har frå heimlandet.

Frank Sve skriv i sitt innlegg at det å ta imot flyktningar vil føre til store utgifter for kommunen, så store utgifter at vi vil måtte kutte dramatisk i tenestetilbodet til dei andre innbyggjarane. Kor mange innvandrarar er det eigentleg snakk om at Stranda kommune er bedd om å ta imot? Er det 10? Er det 20? Er det 100?

Kvar månad kjem det fleire nye innvandrarar til Stranda. Dei sender barna sine på skule og dei lærer seg Norsk. Dei arbeider i industrien, i byggenæringa, som reinhaldarar og dei arbeider i skule og helsevesen. Skal vi seie nei til desse arbeidsinnvandrarane også?

Stranda Kommune er etter det eg kjenne til bedd om å ta imot vel 30 flyktningar over 2 år. Saman med desse flyktningane vil kommunen få eit monaleg integreringstilskott. Etter det eg har lese meg til vil dette dei første åra utgjere minst 5,4 mill pr. år. Trur ikkje du også, Frank, at dei om lag 30 personane vi er bedd om å busette mest av alt ynskjer seg eit tilnærma normalt liv med arbeid og skule, fritid og trygge oppvekstvilkår – og at dei vil gjere alt som er mogleg for å få til nettopp dette? Og Frank, er ikkje det akkurat desse tinga Stranda er best på og som gjer kommunen vår til ei av dei beste i landet å bu i?

Pengane er øyremerkt, men nokre av tilboda som vert skapt kan verte tilgjengelege for fleire. Kanskje er eg naiv, men eg trur, med handa på hjartet – at Stranda Kommune vil kunne tene pengar på å busette flyktningar. Ja, eg trur faktisk at vi kan auke både nivået og kvaliteten på tenestene til både flyktningar og innvandrarar om vi no seier ja til å ta imot kvoteflyktningar.

I følgje samfunnsøkonom og tidlegare rektor på Norges Handelshøgskole, tidlegare statsråd for Høgre, Victor Normann, er innvandring, nasjonalt og lokalt, samfunnsøkonomisk svært lønnsamt. Hans påstand er at Norge, og då spesielt distrikta, har altfor lavt innbyggjartal til at det er mogleg å drive ei effektiv forvalting. Sett i lys av det eg no veit vil eg spørre Frank Sve om det motsette – korleis kan du, som ein ansvarleg politikar, for det er du, seie nei til å busette flyktningar når du samstundes veit at vi som kommune og som samfunn både har kapasitet og evne til å ta imot dei – og at vi både på lang og kort sikt mest truleg vil tene pengar at dei kjem?

Venstre sitt slagord er Folk Først – og det har vi tenkt å leve opp til. Vi vil ta folk på alvor og hjelpe dei som treng det. Ingen kan hjelpe alle, men alle kan hjelpe nokon. Desse kvoteflyktningane det her er snakk om, er vel kanskje dei som aller mest treng vår hjelp akkurat no.

Trond Otto Berg

1.kandidat Stranda Venstre

TROND OTTO BERG

1.kandidat Stranda Venstre
Rådhusgata 18, 6200 STRANDA
+47 464 11 055 / +47 990 98 057
trond.otto@me.com